

Havforskningas rolle i fiskeriforvaltninga – prinsipp og ansvar

Lat meg med eingong slå fast at havforskningas rolle i fiskeriforvaltninga er rådgjevarens rolle. Dette gjeld for alle instansar og institusjonar som driv havforskning; einskild – forskarar, universitetsinstitutt, Fiskeri- og havbruksforskningsinstituttet i Tromsø, Havforskningsinstituttet og Det Internasjonale Råd for Havforskning. Det gjeld og for heile spekteret av fiskeriforvaltning; frå fastsetjing av totalkvotar til gjennomføring av ulike tiltak for vern av yngel og ungfisk. Sjølv tykkjer eg dette framgår klårt av føremålet til Havforskningsinstituttet som lyder slik:


Havforskningsinstituttet skal:

- utforske havets og kystens miljø og biologi som grunnlag for fiske, fangst og havbruk,
- tjene som rådgiver for Fiskeridepartementet, fiskeridirektoratet, andre myndigheter, fiskerinæring og annen næringsvirksomhet i spørsmål som angår forvaltning av havets og kystens biologiske ressurser og miljø
- gjøre forskningsresultatene kjent og spre opplysning til fremme av norsk fiskerinæring og samfunnets interesser forøvrig.

Stabilt og varig utbytte

Fiskeriforvaltninga skal arbeida for eit størst mogeleg og mest mogeleg stabilt og varig samfunnsøkonomisk utbytte. Dette inneber at forvaltninga i tillegg til ressursomsyn også må vektleggja sosiale og økonomiske omsyn når til eksempel kvoteavtalar skal inngåast og reguleringstiltak utformast. Havforskningas siktemål er det same som fiskeriforvaltninga: Størst mogeleg og mest mogeleg stabilt og varig utbytte. I dei aller fleste tilfelle vil samfunnsøkonomisk utbytte vera samanfallande med utbyttet i biomasse, men det finst unntak som eg skal koma attende til. Havforskningas arbeidsoppgåver kan grovt inndelast i to.

1. *Forskning som direkte gjev eit resultat for å gi råd til forvaltninga.* Dette arbeidet skal føregå med velprøvde og vitenskapleg anerkjente metodar og verktøy, og all etablert kunnskap innan fagområdet skal utnyttast. I treskjerar terminologi vil dette seia det same som «å bruka dei beste knivane på rett måte».



For ME'A av
direktør
Odd Nakken
(Havforskningsinstituttet)

2. *Forskning som stadig gjer desse resultatane sikrere slik at rådgjevinga blir betre og meir langsiktig.* Dette er arbeid der ny metodikk, verktøy og kunnskapar utviklast. Resultata må publiserast internasjonalt. Dei kan berre takast i bruk i rådgjeving-samanheng når dei er etterprøvde, diskuterte og oppnådd aksept for i internasjonale vitenskaplege fora. «Knivane må slipast», for å halda meg i treskjerarspråket.

Grip over i ein annan

Skiljet mellom desse to typane av arbeidsoppgåver er ikkje alltid klårt. Dei grip svært mykje over i ein annan, og det må leggjast mykje omtanke og arbeid i å avvega innsatsen på kvar av dei. Eitt er sikkert, utan tilstrekkeleg innsats på utvikling av metodikk og verktøy og innvinning av ny kunnskap, vil rådgjevinga over lengre tid verta skadelidande.

Lat oss kort repetere det rådgjevingsystemet som eksisterer på ressursida, og sjå litt på funksjonane til elementa i dette

systemet. Lat oss også hugsa at 2 tilhøve må prega rådgjevinga: Råda må vera av *fagleg kvalitet* og dei må koma til *rett tid*.

Storparten av all ressursrådgjeving vert utarbeidd i Det Internasjonale Råd for Havforskning (ICES). Når det gjeld kval er det vitenskapskomiteen i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC) som står for arbeidet. Innan ICES er det to komitear som har til hovudoppgåve å gi råd til forvaltningsstyresmaktene i medlemslanda. Den rådgjevande komité for fiskerireguleringar (ACFM) og Den rådgjevande komité for havforurensning (ACMP). Her skal berre ACFM omtalast. Komiteen har oppretta arbeidsgrupper for kvar einskild bestand eller grupper av bestandar i ICES-området. Dei viktigaste arbeidsgruppene for Noreg er:

- Torsk, hyse, blåkkeite, sei og uer for norskekysten nord for 62° og i Barentshavet.
- Norsk vårgytande sild og lodde.
- Nordsjøsild
- Makrell
- Torsk, hyse, kvitting og sei i Nordsjøen.

Den beste ekspertise

Arbeidsgruppene møter ein gong i året for å oppdatere kunnskapane om bestandutvikling. Alle tilgjengelege data vert analyserte og det vert laga ein rapport som viser historikk, status og forventade utvikling i åra framover for kvar bestand. Rapporten vert så *kvalitetsvurdert* i ACFM før den vert frigjeven som ICES sin offisielle rapport, og ACFM utarbeider eit rådgjevingsdokument på grunnlag av rapporten. ACFM har møte to gonger i året i mai og november over 10–14 dagar. Kvotetilrådingane for tildømes norsk arktisk torsk og lodde i Barentshavet vart såleis avgitt 7. november i år.

Eg vil kort kommentera to tilhøve i dette systemet. Det første gjeld den «betryggelsen» fiskeriforvaltninga og -næringa har ved at det er ICES som står for rådgjevinga. ICES systemet sikrar at den beste ekspertise som eksisterer, er med på å vurdere bestands- og beskatningsutviklinga. Systemet sikrar også at forskarar frå mange nasjonar som har liten eller ingen økonomisk interesse av bestandane er med på tilrådinga. Dette motveg «nasjonal-forskning» – om slikt skulle finnast.

God saksbehandling?

Det andre punktet eg vil kommentere er det som skjer med tilrådingane etter at dei er avgitt av ICES. Då vert tilrådingane lagde til grunn for kvoteforhandlingar mellom f.eks. Noreg-Sovjet og Noreg-EF. Både i førebuingssprossessen til – og under kvoteforhandlingane, og etter at avtalane er inngått, vil det vera behov for biologisk ekspertise. I Noreg vil tradisjonelt Havforskningsinstituttet vera tungt representert både under utarbeiding av rådgjevinga innan ICES, og i prosessen etterpå når tilrådingane skal tilpassast norsk fiskerier næring.

Spørsmålet som må stillast er: Er det god saksbehandling at same institusjon (og same personane) som leverer tilrådingane også er tungt inne i tilpasninga og utforminga av reguleringstiltaka? I ein nyleg utkomen studie frå Fridtjof Nansens Institutt har forskar Britt Fløistad vurdert dette spørsmålet i høve til ICES-systemet generelt. Ho vurderer som alternativ løysing at ICES bør rusta seg opp på den sosiale og økonomiske sida slik at rådgjevinga frå

ICES også kan ivareta noko av desse aspekta. Dei same tankane har vore drøfta innan ICES. Eg er motstandar av ei slik ordning, fordi:

Ressursane er rett nok i stor mun sameige mellom nasjonar. Fysiske og biologiske tilhøve i havet er imidlertid heilt uavhengige av indre politiske, sosiale og økonomiske tilhøve i kvart einskild land. Sosiale og økonomiske tilhøve er – på den andre sida –tildels heilt ulike mellom nasjonar som har sameige på ressursida. Eg kan difor førebels vanskeleg sjå at det vil vera ein føremun å leggja sosiale og økonomiske analysar inn i eit internasjonalt forum parallelt og i inngrep med ressursanalysane. Dette gjeld spesielt tilhøva i nord, der Noreg deler ressursane med Sovjet-Unionen.

Biologisk ekspertise i departement/direktorat

Der er andre måtar å løysa dette på, måtar som både imøtekjem behovet for havforsknings ekspertise i forvaltningsprosessen etter at tilrådingane er gitt, og som

samstundes unngår dei «dobbeltrollar» som til dømes Havforskningsinstituttet (og havforskarar) kan få, slik systemet verkar idag. Enklaste måten eg sjølv ser, er at forvaltninga, d.v.s. Fiskeridirektøren/Fiskeridepartementet styrkjer seg med biologisk ekspertise. Eg ynskjer ikkje å bli mistydd på dette punktet. Havforskningsinstituttet skal framleis arbeida etter føremålet som bl.a er å gje råd til fiskeriforvaltninga, men når desse råda skal tilpassast til praktiske tiltak, bør det også vera ekspertise i same institusjon som har ansvaret. Dette blir ikkje minst viktig etterkvart som vi får andre institusjonar i Noreg som gjev råd om ressursar til fiskeriforvaltninga.

Konflikt-områder

I det arbeidet som fører fram til tilrådingar om fangstuttak, og beskatningsmønstre (minstemål, minstemaskevidde, områdeavstenging) vil forskaren stå overfor moglege konfliktar. Dette gjeld spesielt i tilfelle der nasjonale økonomiske og næringsstrukturelle omsyn klart er på kollisjonskurs med ynskjet om størst mogleg fangstutbyte i biomasse, eit ynskje som gjerne andre sameigarar av bestanden har. Der er ein del slike moglege konfliktområde: Sei er eitt, der Noreg har valgt eit beskatningsmønster som ikkje gir størst mogleg vektutbyte. Torsk i Barentshavet og Nordsjøsil er to andre, der Noreg med «biologien i hand» hevdar at størst mogleg vektutbyte er det einaste rette. Det er avgjerande for samarbeidet, både det bilaterale og det som føregår i ICES, at ein ikkje let slike spørsmål påverka dei faglege vurderingane.

I Noreg har vi ei svært mangslungen fiskerier næring. Mange grupper er med i fisket (reidskapstypar og båtstorleik). I tider med knappe kvotar vil alle freista å finna argument – også biologiske – for at dei må kunna fiska meir og andre grupper mindre. Dette er ikkje berre i Noreg, men overalt. Her må havforskninga (og havforskarane) vera særleg på vakt slik at ein ikkje kompromitterer seg og driv «skrankeforskning». Det er *ikkje* ressursforskninga si oppgåve å delta i fordelingsdiskusjonen, bortsett frå å gi reine saklege og faglege opplysningar.

Kunnskap og innsikt

Det er derimot forskninga si oppgåve å bruka kunnskap og innsikt – anten ein vert spurd eller ikkje – til å vurdere verknadene av føreslegne eller tidlegare iverksette reguleringstiltak. På dette området får Havforskningsinstituttet tilført ekspertise når fangstseksjonen til Fiskeriteknologisk Forskningsinstitutt ved ko-

**Vi ønsker alle
våre fiskermedlemmer
en riktig god jul
og et godt fiske i det
nye året.**



Norsk Sjømannsforbund

Tollbuget. 10 - 6000 ÅLESUND - Telefon: (071) 21 385

mande nyårskifte vonleg vert ein del av instituttet.

Det er også forskninga si oppgåve å halda styresmaktene laupande orientert om korleis ressursane utviklar seg, – i tida mellom dei årlege tilrådingane frå ICES – og å føreslå forandringar i det opplegget som allereide er lagt, dersom det tykkjest naudsynt. Ikkje minst dette siste har falle oss sjølve – såvel som andre – tungt for brystet dei siste 2–3 åra.

Aktivt samarbeid

Den aller viktigste oppgåva og ansvaret til havforskninga er å syta for at tilrådingane er baserte på resultat av *god fagleg kvalitet*. Dette medfører bl.a. at til dømes Havforskningsinstituttet aktivt samarbeider med universitet og andre forskningsinstitusjonar såvel som med industri og næringa sjølv for å få nok tyngde og breidde i forskninga. Havforskning har bruk for svært mange ulike hjelpemiddel; frå nokså avansert matematikk og statistikk til innsikt i utøvinga av sjølve fisket, og det er umogeleg for ein institusjon å vera i frem-

ste linje med omsyn til kvalitet på alle desse områda. Slike hjelpe-midlar må søkjast der ekspertisen finst, anten det no er i universitetsinstitutta eller i fiskeflåten.

Samarbeidet er stimulerande for alle partar og medverkar dessutan til å byggja bruer over motsetnadene mellom forskning og næringsverksemd. Likevel, eit visst motsetnadstilhøve mellom næringsinteresser og forvaltning – og då også forskning – trur eg vi må leva med utan at det treng å få slike dimensjonar som det tidvis har hatt til no. Ei av årsakene er at etterkvart som ressursar har minka, har fangstteknologien blitt stadig betre, nettopp for å få rekningsssvarande drift på knappe ressursar. Etterkvart som ressursane vert oppattbygde, vil næringsutøveren i ein overgangsperiode registrera og vera i stand til å fiska umåtleg mykje meir enn det ho/han «får lov» til, og dette skaper nok ein viss frustrasjon.

Forskar-«mot»

Eg vil også kort omtala eit anna konfliktovråde som havforskninga (og forskaren) har. Vi veit godt kva økonomisk betydning

våre tilrådingar har. Og ingen veit betre enn oss sjølve kvar og kor store dei usikkerheitene er som tilrådingane om fangstkvote er tufta på. Og sidan drøfting av moglege feil med tilhøyrande varsemd i konklusjonane er «ein akademisk dyd» – og noko vi er opplærte til – er dette gitt ettermåten brei plass i teksten i f.eks. ACFM-rapportane. Tidligere direktør Gunnar Sætersdal påviste i eit arbeid midt i 70-åra at i svært mange tilfelle hadde bestandar blitt nedfiska i ICES-området og andre stader, sjølv om det i ein lang periode hadde vore klåre teikn for forskarane på at så ville skje. Forskarane hadde ikkje hatt «mot» til å seie klart nok i frå pga. moglege feilkjelder i materialet. Det er forståeleg, men ikkje rasjonelt og heller ikkje godt nok i forvaltningssamanheng, og vi skal ikkje koma oppatt i eit slik uføre.

Det vi skal få til i Noreg – og eg tykkjer vi er på veg – er ei fiskeriforvaltning som byggjer på kunnskapar om ressursane så vel som om samfunnet som skal nyttegjera seg desse ressursane. Ei forvaltning der dei einskilde aktørane – næringa inkludert – har respekt og vørnad for kvarandre sjølv om vi til tider er usamde.

Styret i
NORGES FISKARKVINNELAG
ønsker

*alle medlemmer
en riktig god jul
og
et godt nytt år*



*Solfrid Evensen,
Gunda Nilsen,
Turid Utvik,
Randi Marie Nilsen (sekretær)*